



Vest-Telemark Konferansen

Del 1

**Anskaffingar, drivkrafta for
Vest-Telemark si utvikling?**

Del 2

**E134 og moglegheitene for
Vest-Telemark**

Onsdag 1. februar 2017

Quality Straand Hotell, Vrådal

Velkomen til Vest-Telemark Konferansen 2017

Vi samlar på nytt politikarar, privat næringsliv, offentleg tilsette, organisasjonar og andre samfunnsengasjerte, for å drøfte viktige tema for regionen og ikkje minst for å møte kvarandre. Dette er den 14. konferansen.

Nytt av året er eit seminar på føremiddagen med fokus på korleis offentlig innkjøp kan gje innovasjon og auka verdiskaping i regionen ved å utvikle lokalt næringsliv. Seminaret arrangerast av Byregionprogrammet i Vest-Telemark saman med NHO.

Etter lunsj ser vi på kva E134 kan kome til å bety for Vest-Telemark i framtida. Stortingsrepresentant Bård Hoksrud vil presentere prosessen vidare og korleis stoda er med omsyn til «armen til Bergen». Fylkesordførar Sven Tore Løkslid vil sjå på korleis Telemark fylkeskommune kan vere ein pådrivar for planlegging og utvikling av E134. Roald Aga Haug, ordførar i Odda kommune og styreleiar i E134 Haukelivegen AS stiller spørsmålet: Nytt hovudsamband Bergen-Oslo over Haukeli, har vi råd til å vente med eit så lønsamt prosjekt? Til slutt vil tidlegare stortingspolitikar for SV, statsråd i Kunnskapsdepartementet (2005-2007) og fylkesmann i Aust - Agder frå 2009-2015, Øystein Djupedal, dele sine tankar og erfaringar kring samfunnsutviklinga i kjølvatnet av omlegginga av E18 på Sørlandet. Kva slags moglegheiter og utfordringar møter ein region i samband med større endringar i infrastrukturen? Til slutt i denne bolken har Olav Veum, dagleg leiar av Vest-Telemark Næringsforum ei samtale med foredragshaldarane.

Også i år har vi funne gode eksemplar på lokale bedrifter som viser vegen for andre. Treungenfestivalen har dobla talet på festivaldeltakarar i løpet av to år. Jørgen Solberg vil fortelje oss si historie. Bjørg Minnesjord Solheim fortel om Telespinn. Linn Sigrid Bratland flytte heim og satsa på nettet som salskanal for sine designsmykke. Torgeir Straand og Tore Midtun fortel om kvifor dei har starta eit nytt selskap saman. Og ikkje minst får vi også i år eit innslag frå ein ung forskar, Sondre Sanden Tørdal.

Som avslutning har vi eit inspirasjonsforedrag av "Mr Positiv" Svein Harald Røine, kanskje ein av dei mest inspirerande og engasjerte foredragshaldarane i landet.

Kulturinnslaga er ved Seljord kulturskule, Eirik Stordrange (frå Dalen) og Tina Refsnes. Programmet avsluttast som vanleg med ein konferansemiddag.

Vi ynskjer vel møtt til ein utfordrande dag og kveld!

Med helsing arbeidsgruppa for konferansen

Karl Torstein Hetland, Vest-Telemark ressurscenter
Kjell Gunnar Heggenes, Vest-Telemarkrådet
Haldor Kaasin, Vest-Telemark Næringsutvikling
Olav Veum, Vest-Telemark Næringsforum
Erik Skjervagen, ordførar Vest-Telemarkrådet
Kristin Vedum, Byregionprogrammet i Vest-Telemark

Program del 1

- 09.30 **Velkomen og innleiing**
- 09.40 **Innovative anskaffingar - Noregs raskaste innovasjonsmotor?**
Cecilie Møller Endresen, Prosjektleder NHO, Nasjonalt program for leverandørutvikling
- 10.10 **Fleirbrukshall i Fosnes er sett opp av lokale leverandørar**
Rønnaug Aaring, rådmann i Fosnes Kommune
- 10.40 Pause
- 11.05 **Innovative anskaffingar førte til nye produkt og større marknad for Næreenergi**
Tore Meinert, Administrerende direktør i Næreenergi
- 11.40 **Presentasjon av kva ei bedrift i Vest-Telemark gjer av ringverknader i lokalsamfunnet**
Nicolai Boye, Regiondirektør NHO Telemark og Terje Strøm, Sjeføkonom i NyAnalyse
- 12.10 **Innleiing til grupper og vegen vidare**
- 12.20 Pause
- 12.45 **Parallele grupper der ein kan treffe foredragshaldar og stille spørsmål**
- 13.15 **Lunsj**

Program del 2

- 13.30 **Registrering. Enkel servering**
- 14.30 **Opning**
Kulturskolen i Seljord
- 14.45 **Nasjonal transportplan og E134**
Bård Hoksrud, Stortingsrepresentant FrP
- Telemark fylkeskommune som pådrivar for planlegging og utbygging av E134.**
Sven Tore Løkslid, Fylkesordfører Telemark
- Nytt hovudsamband Bergen-Oslo over Haukeli. Har vi råd til å vente med eit så lønsamt prosjekt?**
Roald Aga Haug, ordfører i Odda kommune og styreleiar i E134 Haukelivegen AS
- Regional betyding av store samferdselsprosjekt - tankar og erfaringar frå Sørlandet**
Øystein Djupedal, Seniorrådgivar Universitetet i Agder
- Samtale med førelesarane leia av Olav Veum, Vest-Telemark Næringsforum*
- 16.40 **Pause**
- 17.10 **Treungenfestivalen - eit musikalsk eventyr**
Jørgen Solberg, Treungenfestivalen AS
- Frå langreist til stuttreist ull**
Bjørg Minnesjord Solheim, Telespinn
- Smykkedesign på nett**
Linn Sigrid Bratland, Sylvsmed
- 18.10 **Pause**
- 18:40 **Frå olje til reint vatn og landbasert industri**
Torgeir Straand, Telemark Technologies og Tore Midtun, Vinje industri
- Korleis få krana på ein båt til å lyfte stabilt i røff sjø?**
Sondre Sanden Tørdal, Doktorgradsstipendiat Universitetet i Agder
19. 20 **Det er dei modige som endrar verda**
Svein Harald Røine, Modig inspirator
- 20:10 **Slutt**
- 20.15-22.30 **Middag**
Musikalsk innslag ved Eirik Stordrange og Tina Refsnes